

# Lokalt næringsliv er forbanna: – Folk trur det er stengt



Fleire næringsdrivande HF har snakka med i Røldal er frustrerte over at Statens vegvesen anbefaler bilistar å køyra andre vegar enn E134. Det meiner dei det ikkje er grunn til. Foto: Eivind Dahle Sjøstad

Av [Eivind Dahle Sjøstad](#)

Publisert:30. juli 2020, kl. 06:00

Næringsdrivande i Røldal er steik forbanna etter at Statens vegvesen anbefalte bilistar andre ruter over fjellet på grunn av kø. Vegvesenet svarar at dei gjerne går i dialog, men tilbakeviser kritikken om at dei med vilje prøver å favorisera riksveg 7 framfor E134.

– Vi har merka at folk vert påverka av meldingane til Statens vegvesen. Folk trur nesten det er stengt over fjellet. Vegvesenet går ut med at det er 2—3 timar venting medan dei fleste kundane her fortel at dei toppen har stått i 30 minutt, seier dagleg leiar ved Shell Røldal, Marianne Turtveit.

Denne sommaren starta Statens vegvesen opp eit større vegprosjekt på Haukelifjell der fleire tunnelar skal rustas opp.

## **Det betyr samtidig omkøyringsveg og manuell dirigering over det som skal vera hovudvegen mellom Austlandet og Vestlandet.**

Dei siste vekene har Vegvesenet åtvare om lange køar og anbefalte førre helg bilistar om å vurdere andre ruter enn E134 for å unngå trafikkork. Det får fleire i Røldal til å sjå raudt.

Ei rekke næringsdrivande og lokale innbyggjarar HF har snakka med er frustrerte og stiller spørsmål ved vurderingane til etaten.

Det er ingen av dei som har sjekka inn hos oss som har sagt at det er kø. Eg veit ikkje kor det kjem ifrå **ANNA SEIM, SEIM CAMPING**

## **— Villeiande**

— Eg er fly forbanna og kan ikkje forstå at det er så ille som dei seier. Dei fleste eg har snakka med har ikkje stått lenge i kø, sjølv om det kanskje var ein dag for 14 dagar sidan at det var litt ekstra kø, seier Oddvar Bratteteig.

Han er dagleg leiar i Røldal skisenter og driv dermed ikkje med sommarturisme. Han reagerer likevel på anbefalingane frå Vegvesenet som han meiner gjer at Haukeli ikkje kjem opp som alternativ på ulike karttenester når ein skal laga digital køyrerute mellom aust og vest.

Anna Seim, som driv Seim camping, seier dei har vore prega av situasjonen på fjellet i sommar og reagerer på informasjonen som Vegvesenet kjem med.



Anna Seim driv Seim Camping i Røldal sentrum. Ho seier dei har merka godt nedgangen i tal besøkande. Foto: Eivind Dahle Sjøstad

— Vi har hatt ein dårleg turistsesong sjølv med alle nordmenn på tur i fellesferien. Det er under halvparten at det vi elles ville hatt. Eg er redd for at situasjonen på fjellet over Haukeli er ei medverkande årsak. Det har vore villeiande skilting og mange trur det er stengt, seier ho.

Ho viser til at når det kjem ut i media at det er tre timar ventetid, så finn folk andre ruter. Sjølv meiner ho det heile er sterkt overdrive.

**— Det er ingen av dei som har sjekka inn hos oss som har sagt at det er kø. Eg veit ikkje kor det kjem ifrå. Det er skremselshistorier, seier ho og fryktar for drifta om bilistar vert anbefalt å køyra andre ruter i alle åra arbeidet skal går føre seg. Etter planen skal tunnelarbeidet vera ferdig hausten 2022.**



Skiltet lengst vekke fortel bilistar av det er kolonne over E134 og at vegen er stengt for vogntog over 3,5 tonn om natta. Fleire næringsdrivande trur nokon kan tolka det som om at vegen er stengt. Foto: Eivind Dahle Sjøstad

Håkon Aarhun, styrar ved Haukeliseter fjellstue, stadfester det dei andre seier. Han driv verksemda mellom dei to tunnelprosjekta og kjenner seg ikkje att i rapportane om mykje kø.

— Dei fleste som kjem til meg fortel at dei har venta i 20—30 minutt. Men det var ein dag med trafikkaos i sommar. Då var det noko meir ventetid, seier han og legg til at det sjølv sagt ikkje er gunstig at Vegvesenet anbefaler folk å ta andre vegar.

Likevel er styraren nøgd med besøkstala på fjellstua så langt denne sommaren.

## Vil i dialog

Jarle Sandal i Røldal reiselivslag varslar at dei no vil gå i dialog med Vegvesenet.

— Dette er ikkje anna enn negativt for oss. Det er overraskande at dei sender trafikken andre vegar. Eg har sjølv vore oppe eit par gangar og då har det vore venting på 15—20 minutt, men eg kan ikkje sjå at det er eit stort problem, seier han.

**Han seier det vil vera ei katastrofe for Røldal om all trafikken vert slusa over andre fjelloverganger og at dette vil påverka inntektene til lokalnæringa.**

— Sommaren er viktig for mange her. Dei fleste bygger seg opp gjennom sommaren og lever på det gjennom året. Om ein ikkje klarar å bygga opp kapitalbasen så vil dei få problem til slutt og då kan det gå gale for fleire, fryktar han.

No vil han i dialog med Vegvesenet for å finna ei løysning alle kan leva med. —Vi må setta oss ned å evaluera og det vil vi prøva å få til med Vegvesenet, seier han.



Marianne Turtveit ved Shell Røldal fortel at dei har hatt ein god juli måned, trass koronasituasjonen og kolonne over fjellet. Gjestene ho har på besøk har ikkje rapportert om mykje kø. Foto: Eivind Dahle Sjøstad

## — Ikkje permanent

Hardanger Folkeblad har vore i kontakt med kommunikasjonsansvarleg i Statens vegvesen, Lars Helge Rasch, om dei mange reaksjonane frå Røldal.

### **Han seier det er berre i helgene dei har anbefalt alternative vegar.**

— Dette er ikkje ei permanent anbefaling. Dei som trur det tar heilt feil. Førre fredag sende vi ut ei pressemelding om at det nærmar seg ny helg og at vi var litt redde for ny kø slik det var helga før. Då bad vi folk planlegga turen ekstra godt og samtidig vurderer alternativ rute over fjellet, seier han.

I motsetning til dei næringsdrivande i Røldal, som meiner trafikken har minka fordi bilistar vel andre vegar, viser Rasch til [trafikkdata som viser at trafikken har vore stabil og på linje med 2019 både ved teljepunktet på Seljestad og ved Vågslid tunnelen.](#)

— Normalt sett ligg ventetida for kolonnekjøring på gamlevegen på ein halvtime, men når trafikken ballar på seg og vi får melding om kø frå Vegtrafikksentralen, så ber vi folk planlegga godt og vurderer andre ruter, seier han.

Medan Vegvesenet har åttvara om timevis med kø, seier dei næringsdrivande i Røldal at dette umogeleg kan stemme. Dei meiner det ikkje er nokon grunn til å anbefala alternative ruter over fjellet. Då dette biletet vart teken i starten av juli var det omlag 20 minutt ventetid vestover. Foto: Eivind Dahle Sjøstad

— *Fleire vi har prata med meiner Vegvesenet tilrår andre ruter med vilje for å favorisera riksveg 7 eller andre ruter framfor E134. Kva har du å seie til det?*

— Det fell på sin eigen urimelegheit. Kva vegar som skal vera hovudvegforbindingar er ei politisk sak. Vi utfører berre den jobben vi er sett til å gjera og det er det politikarane som bestemmer. Det vi kan gjera er å følge med på trafikken og koma med anbefalingar. Vi er ingen politisk organisasjon. Vi bygger der vi får beskjed om å bygga og tunnelprosjekta på Haukeli kjem som følge av eit EU-pålegg og er forankra i Nasjonal Transportplan, seier Rasch.

### **Han legg likevel til at dei heile tida vurderer situasjonen.**

— Vi lærer heile tida. No skal vi jobba fram til 15. oktober og så skal vi evaluera. Då vil vi sjå på kva vi kan gjera betre og om vi kan gjera noko med det. Nokre meiner vi ikkje skal jobba i fellesferien, men då måtte vi truleg ha lengre byggetid, kanskje 4-5 år, seier han.